



## Søknad om tillatelse til:

- Sortering og omlasting av næringsavfall
- Mottak og mellomlagring av farlig avfall
- Mottak, mellomlagring og demontering av EE- avfall
- Mottak og behandling av kasserte kjøretøy, utskriving av vrakmelding

### Søknadsskjema for bedrifter som håndterer avfall

Utfylt skjema skal sendes Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Det vil som oftest være nødvendig å benytte vedlegg til skjemaet. Det framgår av skjemaet når opplysninger skal gis i vedlegg. Vedlegg skal også benyttes ved plassmangel i tabeller. Vedlegg skal nummereres i samsvar med punktene i skjemaet. Utfylt skjema kan enten sendes elektronisk til [fmmrpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmmrpostmottak@fylkesmannen.no) eller som vanlig post til Fylkeshuset, 6404 Molde.

## 1 Opplysninger om søkerbedriften

### 1.1 Navn, adresse mv.: Gjø sundneset miljøstasjon

Bedriftens navn ....	ÅRIM – Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap IKS	Telefon (sentralbord)	70 31 41 00
Gateadresse.....	Langelandsvegen 1		
Postadresse.....			
Postnummer, -sted	6010 ÅLESUND	Telefon (kontaktperson)	
.....			
Kontaktperson .....	ØYSTEIN PEDER SOLEVÅG		40 23 47 05

1.2 Kommunenumr..... 1532      Kommune      GISKE

1.3 Bransjenr. (NACE-kode(r)) 38.210      1.4 Foretaksnr. ... NO 994 717 286 MVA  
Bedrifts nr. ...

### 1.5 Søknaden gjelder:

Nyetablering       Endring av virksomhet/produksjon

1.6 Dato(er) for start av ny virksomhet eller produksjonsendring 01.11.2017

1.7 Dato(er) for eventuell(e) foreliggende tillatelse(r) ..... Ukjent

1.8 Ansatte:	Antall personer	1.9 Driftstid:	Timer pr. døgn	Døgn pr. år
I dag .....	2	I dag.....	6	104
Søkes om.....	2	Søkes om .....	6	104

## 2 Lokaltet

2.1 Gårdsnr. ...  Bruksnr. ...

2.2 Koordinater (Sosisys 22):  
 Nord:  Øst:

2.3 Kartvedlegg	Målestokk
1	1:50000
2	1:5000
3	1:1000
4	1:500

Kartvedlegg: ett kart i hver av målestokkene 1:50000 (anlegget må merkes av), 1:5000 og 1:1000. På [www.gislink.no](http://www.gislink.no) kan man finne ønskede kart. Det må også legges ved en tegning over anlegget i målestokk ca. 1:500 der det går fram hva som er tette flater, hvilke områder som er overbygd samt plassering av oljeutskiller og avløp fra denne.

2.4 Er terrengbeskrivelse vedlagt? Ja  Nei

2.5 Avstand til nærmeste bebyggelse ....  Type bebyggelse.....   
 Avstand til nærmeste bolig.....  Type bolig.....

Liste med navn og adresse til de nærmeste naboene: skal gis i vedlegg.

2.6 Er det fastsatt sikringszone? Ja  Nei  Fastsatt av

2.7 Er området regulert til industri? Ja  Nei  Annet

2.8 Transportmiddel/-midler som skal brukes

Er redegjørelse angående transport vedlagt? Ja  Nei

2.9 Er lokaliseringalternativer vurdert ut fra miljøhensyn? Ja, beskrivelse vedlagt  Nei

2.10 Tette flater på anleggsområdet: beskrivelse skal gis i vedlegg der det framgår hvilke områder som har asfaltdekke og hvilke som har støpt dekke. Beskrivelsen skal også omfatte tette flater under tak der det sorteres, lagres eller demonteres avfall.

## 3 Produksjonsforhold

3.1 Avfall som kommer inn til anlegget:

Type avfall (eks. antall bilvrak, tonnasje)	Mengde (tonn) pr. år	
	I dag (2016)	Søkes om
Brennbart avfall	582	1000
Dekk med og utan felg	11	50
Ikkje-brennbart avfall	118	200
Gips	Inngår i ikkje-brennbart	100
EE-avfall	91	200
Hageavfall	521	1000
Impregnert trevirke	39	100

Type avfall (eks. antall bilvrak, tonnasje)	Mengde (tonn) pr. år	
	I dag (2016)	Søkes om
Metall	189	300
Plast	8	50
Papp	45	100
Overflatebehandla trevirke	843	1500
Asbest	24	100
Avfall med ftalater	0,5	10
Blyakkumulatorar	5	25
Drivstoff og fyringsolje	0,05	1
Gasser i trykkbeholdere	0,15	0,5
Klorparafinvindu	18	30
Maling, lim og lakk	15	30
Organiske løsemidler utan halogen	0,2	0,5
PCB-vindu	1,7	30
Polymeriserende stoffer, isocyanater	0,2	0,5
Rengjøringsmidler	0,02	0,5
Spillolje	3,9	10
Spraybokser	0,4	2
Tjære	0,06	2
Uorganiske salter og annet fast stoff	0,7	2
Anna farleg avfall	3	15
Glas- og metallemballasje	10	20
Matavfall	0	500

### 3.2 Lagring av avfallsfraksjoner:

Fraksjon	Mengde som lagres samtidig (tonn)		Forventet maksimal lagringstid (uker)	For fraksjoner av farlig avfall	
	I dag	Søkes om		Avfallsstoffnr. (Norsk standard)	EAL-kode
<b>Brennbart avfall</b>	20	20	10		
<b>Dekk</b>	10	10	52		
<b>Ikkje-brennbart avfall</b>	20	20	26		
<b>Gips</b>	-	10	52		
<b>EE-avfall</b>	20	20	26		
<b>Hageavfall</b>	521	1000	52		
<b>Metall</b>	20	20	26		
<b>Plast</b>	10	10	52		
<b>Papp</b>	10	10	26		
<b>Overflatebehandla trevirke</b>	843	1500	52		
<b>Glas- og metallemballasje</b>	5	5	52		
<b>Matavfall</b>	0	20	2		
<b>Impregnert trevirke</b>	20	20	26		
<b>Asbest</b>	15	20	26		
<b>Klorparafinvindu</b>	15	20	26		

<b>PCB-vindu</b>	1	15	26		
<b>Alt anna farleg avfall</b>	20	30	26		

### 3.3 Avfallsfraksjoner som sendes ut fra anlegget:

Fraksjon	Menge pr. år (tonn)		Disponeringsmåte	Evt. nærmere spesifisering av avfallet
	I dag	Søkes om		
<b>Brennbart avfall</b>	582	1000	Energigjenvinning - Tafjord Kraftvarme	Kverna på Bingsa i Ålesund før energigjenvinning
<b>Dekk</b>	11	50	Gjenvinning – Dekkretur AS	Blir henta av Sunnmøre Transport AS, lokal aktør for Dekkretur
<b>Ikkje-brennbart avfall</b>	118	200	Deponi Bingsa	
<b>Gips</b>	Inngår i ikkje-brennbart	100	Går i dag i deponi.	Framtidig disponering er materialgjenvinning
<b>EE-avfall</b>	91	200	Miljøsanering – Norsirk AS	Blir henta av Revac AS for Norsirk AS.
<b>Hageavfall</b>	521	1000	Materialgjenvinning	Har tidlegare gått til slamkompostering Gjørundmyrane.
<b>Metall</b>	189	300	Materialgjenvinning – Jan Henriksen AS	
<b>Plast</b>	8	50	Materialgjenvinning – Grønt Punkt AS	Blir pressa på Bingsa før transport og materialgjenvinning
<b>Papp</b>	45	100	Materialgjenvinning – Rekom AS	Blir pressa på Bingsa før transport og materialgjenvinning
<b>Overflatebehandla trevirke</b>	843	1500	Energigjenvinning – Lindum AS	Blir kverna på staden før transport til energigjenvinning.
<b>Glas- og metallemballasje</b>	10	20	Materialgjenvinning – Syklus AS	Blir henta av Stranda Gjenvinning og Transport AS
<b>Matavfall</b>	0	500	Materialgjenvinning – Mjøsanlegget AS	Matavfall frå hushaldsabonnentar, samla inn av RenoNorden AS. ÅRIM står for omlasting og transport.
<b>Impregnert trevirke</b>	39	100	Energigjenvinning	ÅRIM skal framforhandle ny avtale med transportør og sluttbehandlar.
<b>Asbest</b>	24	100	Deponi Bingsa	
<b>Klorparafinvindu</b>	18	30	Energigjenvinning	ÅRIM skal framforhandle ny avtale med transportør og sluttbehandlar.

PCB-vindu	1,7	30	Energigjenvinning – Ruteretur AS	
Alt anna farleg avfall	30	89	Ulik disponering.	ÅRIM skal framforhandle ny avtale med transportør og sluttbehandlar.

3.4 Produksjonsbeskrivelse inkludert flytskjemaer: skal gis i vedlegg.

3.5 Er teknisk miljøanalyse gjennomført? Ja, vedlagt  Nei

3.6 Energikilder/-forbruk:

Energikilde	Energiforbruk (MW)			
	I dag		Søkes om	
	Gjennomsnittlig	Maksimalt	Gjennomsnittlig	Maksimalt
Elektrisitet – lys og oppvarming	Ukjent		Ingen endring	
Diesel - anleggsmaskinar	Ukjent		Mindre auke	

3.7 Er energisparetiltak med betydning for utslipp eller avfall vurdert? Ja, beskrivelse vedlagt  Nei

3.8 Miljømessige vurderinger av produksjonen: skal gis i vedlegg.

3.9 Medfører avfallshåndteringen/-disponeringen fare for forurensning/ulempere i omgivelsene (inkl. forsøpling)? Ja, beskrivelse vedlagt  Nei

Er det gjennomført/planlagt tiltak for å begrense forurensningene/ulempene? Ja, beskrivelse vedlagt  Nei

3.10 Forekommer klager på hvordan avfall sorteres eller lagres? Ja, beskrivelse vedlagt  Nei

## 4 Utslipp til vann

4.1 Resipient for utslipp til vann (unntatt sanitæravløpsvann):

Kommunalt nett  Direkte til vassdrag  Direkte til sjø

Lokalt vassdrag .....  Hovedvassdrag

Vannføring: min.  normal  maks.

Lokalt fjordområde  Hovedfjord .....

Eventuelt terskeldyp .....  Største dyp .....

Nærmere beskrivelse av resipientforhold vedlagt? Ja  Nei

Effekt av bedriftens utslipp i resipienten? Ja  Nei  Beskrivelse vedlagt

#### 4.2 Resipient for sanitæravløpsvann:

Kommunalt nett  Direkte til resipient  Punkt for utslipp skal merkes på kart, jf. punkt 2.3.

Resipient .....

Rensemetode ....

Mulighet for tilknytning til kommunalt nett

4.3 Forekommer klager på utslipp til vann? Ja, beskrivelse vedlagt  Nei

## 5 Utslipp til luft

5.1 Beskrivelse av eventuelle utslipp:

Kilde/årsak	Utslippskomponenter
Støv	Kverning av trevirke og hageavfall
Eksos	Bilar og anleggsmaskinar
Lukt	Tipping og lasting av matavfall

5.2 Er det gjennomført/planlagt tiltak for å begrense støv og/eller andre utslipp til luft? Ja, beskrivelse vedlagt  Nei

5.3 Forekommer klager på utslipp til luft? Ja, beskrivelse vedlagt  Nei

## 6 Støy

6.1 Støykilder:

Støykilder som forårsaker ekstern støy	Varighet av støy		Støykildens karakter
	Pr. døgn	Pr. uke	
Maskinkøyring		2 – 3 dager, 6 – 8 timer	Hjullaster
Bilar med besøkende		2 – 3 dager, 6 – 8 timer	Bilstøy

6.2 Støynivå ved nærmeste bebyggelse:

Lokalitet nr. (kartref.)	Type bebyggelse	Støyemisjon, dB(A)		Målt eller beregnet?
		I dag	Søkes om	
	Det er ikkje gjennomført støymålingar			
	Avstand, omfang av støy og støyvoll			
	tilseier at det ikkje er nødvendig.			

6.3 Forekommer naboklager på støy? Ja, beskrivelse vedlagt  Nei

6.4 Planlagte støyreducerende tiltak m/kostnader: skal beskrives i vedlegg.

## 7 Forebyggende tiltak og beredskap

**7.1** Vurdering av risiko: skal gis i vedlegg. Dette må minst omfatte risiko for ekstraordinære utslipp og for brann.

**7.2** Angi om forebyggende tiltak er etablert og eventuelt hva slags tiltak:

	Ja	Nei	Tiltak
Lagringstanker for drivstoff		x	
Overfylling/overløp fra lagringstanker		x	
Søl under mottak og sortering		x	
Tømming av oljeutskiller		x	
Sikring av lager for farlig avfall	x		
Brann	x		

**7.3** Er det utarbeidet beredskapsplan for håndtering av ekstraordinære utslipp?

Ja

Nei

Beredskapsplanen er:

Vedlagt

Oversendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal tidligere

## 8 Internkontrollsystem og utslippskontroll

**8.1** Internkontroll:

Er internkontrollsystem tatt i bruk?

Ja

Nei, nærmere redegjørelse vedlagt

**8.2** Utslippskontroll, overvåking:

Foretas regelmessige målinger av utslippene?

Ja

Nei

Vil bli foretatt

Utkast til måleprogram skal vedlegges.

## 10 Underskrift

Sted: Ålesund

Dato: 23. august 2017

Underskrift: .....



## 11 Vedleggsoversikt

<b>Nr.</b>	<b>Innhold</b>	<b>Antall sider</b>
<b>1</b>	<b>Liste over naboer</b>	<b>2</b>
<b>2</b>	<b>Beskrivelse av tette flater</b>	<b>1</b>
<b>3</b>	<b>Produksjonsbeskrivelse</b>	<b>2</b>
<b>4</b>	<b>Miljømessige vurderinger av produksjonen og avbøtende tiltak</b>	<b>2</b>
<b>5</b>	<b>Vurdering av risiko</b>	<b>1</b>
<b>6</b>	<b>Redegjørelse for lokaliseringalternativer</b>	<b>1</b>
<b>7</b>	<b>Beredskapsplan</b>	<b>1</b>
<b>8</b>	<b>Kart og illustrasjoner</b>	<b>5</b>

## Liste over naboer (jf. punkt 2.5)

Det er ikkje alle verksemdar som er skilt ut, desse er gjentatt med fleire oppføringar i oversikta under. Dette gjeld m.a. omsøkt verksemd på 7/175; denne eigedommen omfattar både kaianlegg, kommunal veg og miljøstasjon.

Eigedomsnummer	Type eigedom	Eigar	Kommentar
7/172	Grunneigedom utan bygning	Stokfisk AS Gjøsundneset 9 6040 VIGRA	
7/175	Kaianlegg – Gjøsundneset 39	Giske kommune Valderhaug 4 6050 VALDERØYA	Disponerast av Ålesundregionens Havnevesen
7/175	Veggrunn - Gjøsundneset	Giske kommune Valderhaug 4 6050 VALDERØYA	Kommunal veg
7/175	Miljøstasjon	Giske kommune Valderhaug 4 6050 VALDERØYA	Disponerast av Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap IKS
7/178	Veggrunn - Gjøsundneset	Giske kommune Valderhaug 4 6050 VALDERØYA	Kommunal veg
7/179	Næringsverksemd – Gjøsundneset 17	Nordnes Eiendom AS Postboks 79 6058 VALDERØYA	
7/193	Parkeringsplass	Sundet Eigedom AS Nørestranda 45 6040 VIGRA	
7/196	Fabrikk – Gjøsundneset 23	Kristianplass AS Gjøsundneset 23 6040 VIGRA	
7/203	Lager	Kristianplass AS Gjøsundneset 23 6040 VIGRA	
7/206	Spolebase	Giske kommune Valderhaug 4 6050 VALDERØYA	Disponerast av Subsea Norway AS.
7/206	Golfbane	Giske kommune Valderhaug 4 6050 VALDERØYA	
7/207	Fabrikk – Gjøsundneset 29	Festar: Hordafor AS Salthella 5397 BEKKJARVIK	Eigar er Giske kommune.
7/210	Grunneigedom utan bygning	Stokfisk AS Gjøsundneset 9 6040 VIGRA	
7/211	Grunneigedom utan bygning	Sundet Eigedom AS Nørestranda 45 6040 VIGRA	
7/213	Bustad – Nørestranda 77	Kari Løken Nørestranda 77 6040 VIGRA	
7/217	Industri – Gjøsundneset 21	Gjøsund Eiendom AS Kolvikparken 5 6050 VALDERØYA	
7/218	Bustad - Nørestranda 79	Jonas Ervik Johnsen Nørestranda 79 6040 VIGRA	
7/219	Grunneigedom utan bygning	Kristianplass AS Gjøsundneset 23 6040 VIGRA	

<b>Eigedomsnummer</b>	<b>Type eigedom</b>	<b>Eigar</b>	<b>Kommentar</b>
7/226	Spolebase	Giske kommune Valderhaug 4 6050 VALDERØYA	Disponerast av Subsea Norway AS.
7/297	Lager – Gjøsundneset 40	Christoffer Drabløs Skodje Jussipvegen 37 6050 VALDERØYA	
7/304	Bustad - Nørestranda 75	Silje Sellevoll Nørestranda 75 6040 VIGRA	
7/309	Grunneigedom utan bygning	Nordic Wildfish AS Nordstrandfjorå 71 6050 VALDERØYA	

Beskrivelse av tette flater (jf. punkt 2.10)

Miljøstasjonen består av ei stor asfaltert plate.

Hageavfallsmottaket manglar fast dekke.

Det er støpt ei rampe i betong som sorteringsområde for grovavfall.

Det meste av avfallet blir lagra i stålkonteinarar.

Farleg avfall blir lagra i eigne låste oppsamlingskongeinarar med dobbel botn for oppsamling av sig.

Ut mot offentleg veg (Gjøsundneset) er det etablert ein støyvoll.

Produksjonsbeskrivelse (jf. punkt 3.4)

Gjøsundneset miljøstasjon er ein gjenvinningsstasjon for hushald og verksemder i Ålesundregionen.

Gjenvinningsstasjonen er ein lovpålagd del av renovasjonstenesta som gir innbyggjarane høve til å levere:


- Større gjenstander som ikkje kan samlast inn gjennom den ordinære innsamlingsordninga.
- Farleg avfall og EE-avfall
- Hageavfall

I tillegg skal den lovpålagde plikta om mottak av farleg avfall frå mindre verksemder oppfyllest. På Gjøsundneset får verksemder også høve til å levere andre typer avfall.

ÅRIM fekk ansvaret for tenesta frå 2015. Stasjonen har følgjande opningstider:

	<b>Åpent</b>
Måndag	9-15
Torsdag	13-18
Første laurdag i kvar mnd	10-15
Kvar laurdag i april og september	10-15

Innleverte mengder i 2016 går fram i detalj av søknaden, totalt blei det innlevert litt over 2 500 tonn avfall, det var i overkant av 11 000 besøk på gjenvinningsstasjonen i 2016, av desse var om lag 6 % næringskundar. Fordelinga over året varierer, generelt er det lågare besøkstal i vinterhalvåret:



Alt avfall som blir levert inn på Gjøsundneset miljøstasjon blir henta og sendt vidare til gjenvinning.

ÅRIM loggfører avfallsmengder inn og ut av anlegget, kundebesøk samt transportar.

## PLANLAGD MELLOMBELS ENDRING

I november 2017 innfører ÅRIM ny kjeldesorteringsløsning for innbyggjarane i Giske kommune. Den nye kjeldesorteringsløysinga skal i 2018 og 2019 vidareutviklast til å omfatte innbyggjarane i alle dei tolv eigarkommunane til ÅRIM. Totalt er det 103 000 innbyggjarar som skal få tilbodet, det tek truleg om lag 16 månader å få på plass nødvendig sorteringsutstyr heime hos kvar enkelt.



Som del av det nye tilbodet, blir det innsamling av matavfall frå innbyggjarane.

Matavfallet skal samlast inne i hushaldninga i grønne posar som blir levert i ein eigen dunk for dette.

Desse dunkane blir henta av RenoNorden AS. Matavfallet blir deretter lasta om og køyrd til gjenvinning på Mjøsanlegget, eit biogassanlegg i Lillehammer kommune.

ÅRIM har under planlegging eit anlegg for meir permanent omlasting av matavfall. Dette anlegget vil imidlertid få noko byggjetid, i og med at permanent omlasting må skje innandørs. Det kjem eigen søknad for dette.

Som ei mellombels løysing no i vinter, frå november 2017 og fram til og med mars 2018, ønskjer ÅRIM difor å bruke eksisterande anlegg og areal på Gjøsunneset miljøstasjon til slik omlasting.

Konkret ser ÅRIM for seg følgjande løysing:

- 1) ÅRIM har tilgjengeleg væsketette konteinarar for oppsamling og transport av matavfallet til Lillehammer.
- 2) Renovasjonsbilane nyttar rampa på miljøstasjonen til å tippe innsamla matavfallet i desse konteinarane,
- 3) Konteinarane blir lagra på avmerka område på miljøstasjonen til dei er klare for transport (inntil to veker).
- 4) For å få til optimal fylling av konteinarane, og i tilfelle der det er vanskeleg å tippe, er det aktuelt å bruke hjullaster til å laste noko av matavfallet i konteinarane. Dette vil i tilfelle skje umiddelbart.
- 5) Det er tilgjengeleg flis til å samle opp eventuelt søl.

Miljømessige vurderinger av produksjonen (jf. punkt 3.8)

Beskrivelse av fare for forurensning/ulemper i omgivelsene (jf. punkt 3.9)

Beskrivelse av tiltak for å begrense forurensningene/ulempene (jf. punkt 3.9)

Beskrivelse av tiltak for å begrense støv og andre utslipp til luft (jf. punkt 5.2)

Desse punkta er samla her:

<b>Tema</b>	<b>Vurderingar</b>
<b>Avfall</b>	<p>Formålet med anlegget er mottak av avfall. Alt avfall som blir motteke på anlegget blir fjerna.</p> <p>Avfallet blir i hovudsak samla opp i lukka oppsamlingseiningar, det er berre tyngre avfall som blir samla i opne einingar.</p> <p>Det har difor i liten grad vore utfordringar med flygeavfall, men det blir gjennomført regelmessige ryddingar av dette.</p>
<b>Forureining av grunn</b>	<p>Dei avfallstypene som kan representere forureiningsfare til grunnen er i hovudsak flytande farleg avfall. Dette avfallet blir lagra i tette oppsamlingseiningar i konteinar med tett botn. Det skal altså vere doble barrierer mot forureining frå slike avfallstyper.</p>
<b>Forureining av luft</b>	<p>I tillegg til dieseleksos frå maskinar, er det støv frå kverning av trevirke og hageavfall som representerer risiko for luftforureining ved ordinær drift. Dette er svært beskjedne aktivitetar.</p> <p>Området har god luftkvalitet.</p>
<b>Forureining av vatn</b>	<p>Forureiningsrisiko for vatn er om lag som for grunn. Det er låg risiko og høg vassutskifting.</p>
<b>Friluftsliv</b>	<p>Området er regulert til industri. Det er noko friluftsliv i Gjøundet, dette blir ikkje påverka av aktiviteten.</p> <p>Det er ein voll mot golfbanen, aktiviteten blir ikkje vurdert som problematisk i høve golfspilling.</p>
<b>Klimagassutslepp</b>	<p>Gjenvinning av avfall er i utgangspunktet gunstig for klima. Det vil på sikt bli vurdert fossilfri drift av anlegget, men i dag blir det nytta ordinær diesel.</p>
<b>Kulturminne</b>	<p>Tilhøvet til kulturminne er avklart gjennom reguleringsprosessen for området.</p>
<b>Lukt</b>	<p>Det er ikkje luktpproblem knytt til avfallet som blir levert inn på gjenvinningsstasjonen i ordinær drift.</p> <p>Matavfall frå innsamlingsordnina kan lukte, det blir difor lagt opp til å mellomlagre dette i tette konteinarar og i kort tid. Omlasting skjer i vinterhalvåret, då plagene for omgjevnadene er mindre (færre oppholder seg ute).</p>
<b>Miljøgifter</b>	<p>Prioriterte miljøgifter kan forekomme i fleire avfallstyper. Dei avfallstypene som er mest utsatt for dette er EE-avfall og farleg avfall. For desse avfallstypene er det etablert eigne innsamlings- og oppsamlingsløysingar som skal forhindre at miljøgifter kjem ut i miljøet.</p>
<b>Naturmangfold</b>	<p>Det er ikkje foreslått arealbruksendringar som er venta å ha konsekvensar for naturmangfold.</p>

Tema	Vurderingar
	Handtering av hageavfall kan føre til spreing av uønska artar. ÅRIM oppmoder kundane til å sortere ut svartlisteartar og levere desse i lukka oppsamlingseiningar som går direkte til forbrenning.
<b>Stråling</b>	I utgangspunktet skal det ikkje takast inn radioaktivt avfall på anlegget. Røykvarslarar kan innehalde mindre mengder radioaktivitet. Desse blir samla opp og sendt godkjend mottak.
<b>Støy</b>	Støy frå verksemda er knytt til tre hovudaktivitetar: <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Biltrafikk til gjenvinningsstasjonen. Dette er relativt avgrensa. Det er ingen bebuarar nær vegen til anlegget.</li> <li>2) Anleggstrafikk inne på gjenvinningsstasjonen. Denne skjer i hovudsak i opningstida. Det er etablert ein støyvoll ut mot Gjøsdneset, dette vil også hjelpe på støy mot støyutsette naboar.</li> <li>3) Kverning av trevirke. Dette skjer til saman om lag ei veke kvart år. Aktiviteten skjer inne på anlegget, bak støyvollen.</li> </ol>
<b>Smitte</b>	<p>Avfall som er definert som smittefarleg skal ikkje takast i mot på gjenvinningsstasjonen.</p> <p>Matavfallet som skal lastast om er vanleg matavfall frå hushald og representerer ikkje smitterisiko.</p> <p>Det blir gjennomført ordinære skadedyrreducerande tiltak i tråd med reglane i forskrift om skadedyrbekjempelse.</p>



Vurdering av risiko (jf. punkt 7.1)

Det er gjennomført risikovurderingar for følgjande tilhøve:

<b>Tilhøve:</b>	<b>Risiko:</b>
Brann i miljøstasjon – skadelege utslepp	Gul
Eksploderer i avfallet kan føre til personskader	Gul
Fall mellom konteinrarar	Gul
Risiko for eksponering for asbest i samband med handtering av feilsortert avfall	Gul
Kutt eller stikkskade når vi hjelper kundane med å tømme bilar og tilhengarar	Gul
Påkørsel av besøkande og tilsette på miljøstasjonar	Grøn
Personskade ved bruk av komprimator	Grøn
Brann kan føre til personskader	Grøn
Mottak av asbest levert som farleg avfall	Grøn
Brann i farleg avfall-området på miljøstasjonen	Grøn
Anleggstrafik blanda med private køyretøy	Grøn
Feil ved stabling av EE-avfall	Grøn
Trugsmål frå kundar	Grøn
Manglande skilting gir feilsortering	Grøn

Risikovurderingane er gjennomført i ÅRIM sitt kvalitetssystem SIMPLI og har gitt grunnlag for gjennomføring av ulike forbetringstiltak.

Det vil i tillegg bli gjennomført risikovurdering for mottak og lasting av matavfall.

Redegjørelse for lokaliseringalternativer (jf. punkt 2.9)

### **Miljøstasjonsdrifta**

Gjøsundneset miljøstasjon blei etablert av Giske kommune. Ansvar for drifta blei overført til ÅRIM i 2015. Det er ein samarbeidsavtale mellom kommunen og ÅRIM som regulerer drifta.

Giske kommune har i arealdelen i kommuneplanen og seinare i reguleringsplan vedteke at industriområdet i Gjøsundet skal vere eit kjerneområde for marin næringsverksemd. Hamneområdet er også foreslått som eit knutepunkt i Nasjonal Transportplan.

Førebels er det lite press på området. Som følgje av den vedtatte arealbruksendringa, framgår det imidlertid av leigeavtalen mellom Giske kommune og ÅRIM at det vil vere nødvendig å relokalisere verksemda. Det er i 2016 gjennomført ein eigen prosess for dette, og det er identifisert eit område i Gjøsundmyrane, nordvest for dagens anlegg på Gjøsundneset men søraust for dagens anlegg for slambehandling i Gjøsundmyrane, som i forslaget til ny arealdel til kommuneplanen skal disponerast til gjenvinningsstasjon.

Reguleringsprosessen for det nye arealet er ikkje starta. Det er difor grunn til å tru at det vil vere miljøstasjonsdrift på Gjøsundneset til 2020. ÅRIM vurderer det slik at ved ein framtidig ny miljøstasjon i Gjøsundmyrane vil mottak av avfall skje under tak, på tett plate med oppsamling av overflatevatn og oljeavskiljar. Den framtidige relokaliseringa gjer det etter ÅRIM si oppfatning lite aktuelt å gjennomføre slike større tiltak på dagens areal.

### **Omlasting av matavfall**

I tråd med internasjonale og nasjonale føringar må ÅRIM innføre tiltak som gir auka materialgjenvinning av avfall. For å nå dei måla som er sett på avfallsfeltet, er det avgjerande å starte med utsortering og gjenvinning av matavfall.

I og med at alt lett nedbrytbart avfall i Ålesundregionen ved normal drift har blitt leverte direkte til Tafjord Kraftvarme AS sitt anlegg på Grautneset, er det i august 2017 ikkje tilgjengelege anlegg som har løyve til mottak og omlasting av matavfall innanfor ordinær køyreavstand frå Ålesund (dvs. Sula, Giske, Skodje, Haram eller Ørskog). Den raske utviklinga som skjer innan sirkulær økonomi generelt og gjenvinning av matavfall spesielt, både når det gjeld næringsavfall og hushaldsavfall, har gjort at fleire aktørar, både private og offentlege, i 2017 har starta å sjå nærare på løysingar for slik omlasting.

ÅRIM er i dialog både med Sunnmøre Transport AS og med Ålesund kommune som eigar av avfallsanlegget i Bingsa. Status per august 2017 er:

#### Alternativ 1: Omlasting i Bingsa

Anlegget manglar løyve til aktiviteten. Etablering av omlastingsanlegg krevjer bygging av anlegg (rampe, hall mv.), i tillegg til løyve frå Fylkesmannen, politisk vedtak og avklart finansiering. Eit omlastingsanlegg kan tidlegast vere klart våren 2018.

#### Alternativ 2: Omlasting på Sunnmøre Transport AS sitt anlegg på Flatholmen

Anlegget manglar løyve til aktiviteten. Det er eksisterande omlastingsanlegg som vil kunne nyttast. Dersom det blir gitt løyve frå Fylkesmannen, kan omlasting starte opp i oktober – november 2017.

#### Alternativ 3:

ÅRIM ønskjer fram til eventuelt permanent løyve er gitt til omlasting på Flatholmen eller Bingsa å ha høve til å laste om matavfall på Gjøsundneset. Dette vil vere svært avgrensa mengder, og berre vinteren 2017 – 2018.

Beredskapsplan (jf. punkt 7.3)

## Gjø sundneset miljøstasjon: Beredskapsplan

---

### Sikringstiltak:

- 1) Låsing: Den siste som går skal sjekke at porten, døra og kontainerane ute er avlåst.
- 2) Mottak og oppbevaring av farleg avfall: Alt farleg avfall (kjemikalier) grovsorterast i kontainar utandørs
- 3) Bekledning: Tilsette skal vere kledd i vernefargar for å bli sett av kundane.
- 4) Verneutstyr: Nødvendig verneutstyr nyttast ved arbeid med helse- og miljøfarlege stoffar.
- 5) Absorbent: Absorbent (bark, lecakular e.l.), spade, murarskei og bøtte skal vere tilgjengeleg i tilknytning til mottaket for farleg avfall
- 6) Brannsløkkingsutstyr: Brannslangen skal testast regelmessig, minst kvar måned. Røykvarslarane testast halvårleg.
- 7) Førstehjelpsutstyr: Utstyr for behandling av sårskader, samt ullteppe og øyeskylling skal vere tilgjengeleg på arbeidsplassen.

### Varslingsliste:

Drivar av Gjø sundneset miljøstasjon er Giske kommune telefon 7018 8000.

**Ved ulukke** der det er mistanke om alvorleg helseskade: Ring 113.

For mindre skader kan legevakta kontaktast på 116117


**Ved brann** skal alle kundar og tilsette evakuerast ut av bygget og til trygg avstand. Brannvesenet varslast på 110. Vurdér risiko for eigen person før eventuell sløkking.

**Ved utslepp av farlege stoff** skal alle kunder og tilsette evakuerast ut av bygget og til trygg avstand. Brannvesenet varslast på 110. Vurdér risiko for eigen person før eventuell oppsamling og opprydding. Forureina absorbent samlast opp i tett utstyr (kontainar, plastboksar e.l.) før eventuell spyling av forureina område.


**Ved innbrot:** Kontakt Politiet på 02800, ring 112 om situasjonen verkar trugande. Sjekk om det er uvedkommande til stades i bygget og vklar med Politiet om det er greit å gå inn. Ta bilde av eventuelle skadar på bygget og utstyr for å dokumentere dette i høve forsikring og politi m.fl.

### Andre viktige telefonnummer:


ÅRIM v/Vegard Waagan – 90 84 66 27: Henting av avfall, utlevering av utstyr mv. Orientering om tilhøve som oppstår



REGULERINGSPLAN 1:5000 MED SITUASJON



REGULERINGSPLAN 1:1000 MED SITUASJON



FLYFOTO 1:500 MED AKTIVITETAR



## FORKLARING ILLUSTRASJON

NUMMER	BESKRIVELSE
1	<b>INNKØYRING, MOTTAKSKONTROLL OG SLAMAVSKILJAR</b> Kundane som skal inn på Gjosundneset miljøstasjon henvender seg i luke. Besøket blir registrert, eventuell betaling blir kravd inn. Slamavskiljar for avløpsvatn ligg i marka sør for huset.
2	<b>MOTTAK AV FARLEG AVFALL</b> Kundar som skal levere farleg avfall (unntatt farleg byggavfall) leverer dette på bord ved mottakslager for farleg avfall. Her blir avfallet veid og deklart.
3	<b>MOTTAK AV SMÅELEKTRO, PRODUKT TIL OMBRUK, ASBEST, VINDU OG FERDIGVARELAGER FOR FARLEG AVFALL</b> Kundar som skal levere småelektro, asbest, vindu og produkt til ombruk stoppar og leverer dette i denne sona.
4	<b>SORTERINGSRAMPE FOR GROVAVFALL</b> Større avfallstyper, som brennbart og ikkje-brennbart avfall, papp, metall, plast og kvitevarer blir levert i tilknytning til sorteringsrampa.
5	<b>MOTTAK AV HAGEAVFALL</b> Hageavfallsmottaket er i enden av stasjonen, her er det ikkje fast dekke.
6	<b>MOTTAK AV IMPREGNERT TREVIKKE</b> Impregnert trevirke blir levert separat i konteinar mellom sorteringsrampe og hageavfallsmottak
7	<b>MOTTAK AV OVERFLATEBEHANDLA TREVIKKE</b> Det blir levert store mengder overflatebehandla trevirke på Gjosundneset miljøstasjon. Dette blir levert på fast dekke, mellomlagra og køyrt vekk ein til to ganger per år.
8	<b>PLANLAGD MELLOMBELS OMLASTING AV MATAVFALL</b> ÅRIM ser for seg å ta i bruk delar av det området som i dag blir nytta til mellomlagring av trevirke. Området har fast dekke.